

Vår sakshandsamar
Steinar Nilsen 90564495

Vår dato
13.04.2016

Vår referanse
2012/4362-45/345

Tidligere dato
23.02.2016
24.06.2015

Tidligere referanse
201502028-44
FB 2012/4362-41

Til
Norges vassdrags- og energidirektorat

Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsfråsegn til tilleggssøknad om 132 kV kraftledning Dalsbotnfjellet vindkraftverk - Frøyset transformatorstasjon

Forsvarsbygg viser til oversending av tilleggssøknad for 132 kraftledning frå planlagde Dalsbotnfjellet vindkraftverk i Gulen kommune i Sogn og Fjordane til Frøyset transformatorstasjon i Masfjorden kommune i Hordaland fylke. Tilleggssøknaden inneheld eit nytt traséalternativ (alt.3).

Forsvarsbygg ba i vår fråsegn av 24.06.2015 til konsesjonssøknaden om at konsesjonssøkjjar blir pålagt å greie ut ei alternativ kryssing av Austgulfjorden, slik at eit høgt og langt luftspenn kan bli unngått. Det kan synest som at NVE ikkje har gjeve utbyggjar eit slikt pålegg, då ein alternativ kryssing av Austgulfjorden ikkje er omtala i endringssøknaden. Konsekvensutgreiinga omtalar risikoen for at havørn og kongeørn kan kollidere med linene, mens ein vurdering av kollisjonsrisikoen for fly og helikopter er ikkje gjort. Det er med andre ord foreteke ein konsekvensutgreiing av kollisjonsrisikoen i forhold til naturmangfold (fugl), men ikkje med hensyn på flysikkerheit.

Luftforsvaret er operativ utøvar av søk- og redningstjenesten. Luftspenn utgjer den mest alvorlige trusselen for tap av menneskeliv for redningshelikoptera, og ein må unngå bygging av høge luftspenn over dalar og fjordar der det finst alternative løysingar. Dei luftspenna som går over Austgulfjorden i dag er relativt låge, og ein kan fly trygt gjennom fjorden i 300 m høgde. Det foreslåtte luftspennet vil i røynda stenge fjorden for fly og helikopter når det er redusert sikt og lågt skydekke. Dette vil kunne gje konsekvensar for lokale ambulanse- og redningsaksjonar og for eventuelle transittflygingar til Sognefjorden frå sør. Forsvarsbygg vil derfor sterkt oppmode om at dersom ein linjeføring rundt fjorden ikkje er mogleg, så må endemastane på kvar side av fjorden plasserast slik at fjordspennet blir lågare enn 150 meter over havet.

Når det gjeld traséen sørover fra Austgulfjorden, kan alternativ 3 synest best frå eit flyoperativt standpunkt dersom eit mogleg luftspenn mellom Revungane og Varden blir lågare enn og mindre farleg enn eit luftspenn mellom Bufjell og Varden i alternativ 1.

Elles syner vi til dei generelle prinsippa for anlegg av kraftlinjer som vi beskrev i fråsegna av 24.06.2015, og at linjene ikkje må kamuflerast, men minimum merkast etter føresegnene i *Forskrift om rapportering og registrering av luftfartshindre* (BSL E 2-1).

Postadresse	Fakturaadresse	Telefon	E-postadresse	Org. nr.
Postboks 405 Sentrum 0103 Oslo	Fakturasenteret Postboks 4394 2308 Hamar	815 70 400 Telefaks 23 09 78 03	post@forsvarsbygg.no Internett www.forsvarsbygg.no	975 950 662 Bankkonto 4714 10 00280

Bjørn Bergesen

Seksjonssjef arealplan
Forsvarsbygg eiendom

Dette dokumentet er elektronisk godkjend og difor ikkje signert.

Kopi til:

Forsvarsstaben Postboks 800, Postmottak 2617 LILLEHAMMER
